

**KOMMISJONSVEDTAK****av 30. juni 1998****om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til innvendige og utvendige veggkledningar og himlingskledningar(\*)***[meldt under nummeret K(1998) 1611]*

(98/437/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/106/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om byggevarer<sup>(1)</sup>, endra ved direktiv 93/68/EØF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 13 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtene:

I samband med samsvarsattestering av ei vare må Kommisjonen velje den av dei to framgangsmåtene i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF som «er minst kostnadskrevende og samtidig forenlig med hensynet til sikkerheten». Dette tyder at det for ei viss vare eller varegruppe må avgjerast om det er eit naudsynt og tilstrekkeleg vilkår for samsvarsattestering at det ved fabrikkens finst eit system for produksjonskontroll som produsenten har ansvaret for, eller om det er naudsynt å nytte eit godkjent sertifiseringsorgan for å rette seg etter dei kriteria som er nemnde i artikkel 13 nr. 4.

Etter artikkel 13 nr. 4 skal den framgangsmåten som såleis vert fastsett, først opp i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane. Difor bør varene eller varegruppene definerast slik dei vert nytta i mandata og i dei tekniske spesifikasjonane.

Dei to framgangsmåtene som er nemnde i artikkel 13 nr. 3 i direktiv 89/106/EØF, er utførleg omtala i vedlegg III til direktivet. Det må difor for kvar vare eller varegruppe gå tydeleg fram, ved tilvising til vedlegg III, etter kva metodar dei to framgangsmåtene skal gjennomførast, ettersom visse system er gjevne førerang i vedlegg III.

Framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav a), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ utan jamleg

tilsyn og andre og tredje alternativ, medan framgangsmåten som er nemnd i artikkel 13 nr. 3 bokstav b), svarar til systema i vedlegg III nr. 2 i) og i vedlegg III nr. 2 ii) første alternativ med jamleg tilsyn.

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste byggeutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Dei varene og varegruppene som er oppførde i vedlegg I, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der produsenten har eineansvaret for eit system for produksjonskontroll ved fabrikkens som sikrar at varene er i samsvar med dei aktuelle tekniske spesifikasjonane.

*Artikkel 2*

Dei varene som er oppførde i vedlegg II, skal samsvarsattestert etter ein framgangsmåte der det i tillegg til det systemet for produksjonskontroll som produsenten gjennomfører ved fabrikkens, vert nytta eit godkjent sertifiseringsorgan til å vurdere og føre tilsyn med produksjonskontrollen eller sjølve vara.

*Artikkel 3*

Framgangsmåten for samsvarsattestering i medhald av vedlegg III skal gå fram av mandata for harmoniserte standardar.

*Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 30. juni 1998.

*For Kommisjonen*

Martin BANGEMANN

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 194 av 10.7.1998, s. 39, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 52/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

(<sup>2</sup>) TEF L 220 av 30.8.1993, s. 1.

## VEDLEGG I

Plater meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning, i form av heile bygningsdelar, til brannvern av vegger eller himlingar.

Nedsenka himlingar (modular) meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning til brannvern av himlingar.

Plater meinte til bruk som innvendige eller utvendige avstivingsselement i vegger og himlingar.

Fliser og plater av sprø materiale, meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde krav til vern mot utilsikta skader frå kvasse føremål.

Nedsenka himlingar (modular) meinte til bruk som innvendig og utvendig kledning av himlingar som er underlagde krav til tryggleik ved bruk.

Fliser og plater meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde krav til tryggleik ved bruk.

Spesialprofilar og opphengsrammer meinte til bruk som støtte i innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar og i nedsenka himlingar som er underlagde krav til tryggleik ved bruk.

Veggkledningar på rull og himlingskledningar, framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup>, C<sup>(1)</sup>, A (utan prøving), D, E og F, meinte til bruk som innvendig kledning av vegger og himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Takspen og kledningsplater framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup>, C<sup>(1)</sup>, A (utan prøving), D, E og F, meinte til bruk som utvendig kledning av vegger og himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Nedsenka himlingar (modular) med komponentar framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup>, C<sup>(1)</sup>, A (utan prøving), D, E og F, meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Fliser, bordkledningar og plater framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup>, C<sup>(1)</sup>, A (utan prøving), D, E og F, meinte til bruk som innvendig og utvendig kledning av vegger og himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Spesialprofilar og opphengsrammer framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup>, C<sup>(1)</sup>, A (utan prøving), D, E og F, meinte til bruk som støtte i innvendig og utvendig kledning av vegger eller himlingar eller i nedsenka himlingar som er underlagde krav til yting ved brannpåverknad.

Nedsenka himlingar (modular) meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde reglar for farlege stoff<sup>(2)</sup>.

Fliser, takspen, bordkledningar, kledningsplater og andre plater, meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar som eventuelt er underlagde reglar for farlege stoff<sup>(2)</sup>.

Nedsenka himlingar (modular) meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som har andre bruksområde enn dei som er nemnde i mandatet<sup>(3)</sup>.

Veggkledningar på rull, himlingskledningar, fliser, takspen, bordkledningar, kledningsplater og andre plater, meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar som har andre bruksområde enn dei som er nemnde i mandatet<sup>(3)</sup>.

Spesialprofilar og opphengsrammer meinte til bruk som støtte i innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar eller i nedsenka himlingar som har andre bruksområde enn dei som er nemnde i mandatet<sup>(3)</sup>.

<sup>(1)</sup> Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen.

<sup>(2)</sup> Særleg dei farlege stoffa som er definerte i rådsdirektiv 76/769/EØF med endringar.

<sup>(3)</sup> Andre bruksområde som er fastsette ved mandatet: vern mot dampinntrenging, vern mot vassinntrenging, lydisolasjon og varmeisolasjon.

*VEDLEGG II*

Veggkledningar på rull, himlingskledningar og fliser framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup> og C<sup>(1)</sup>, meinte til bruk som innvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Takspon og kledningsplater framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup> og C<sup>(1)</sup>, meinte til bruk som utvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Nedsenka himlingar (modular) med komponentar framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup> og C<sup>(1)</sup>, meinte til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Fliser, bordkledningar og plater, framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup> og C<sup>(1)</sup>, meinte til bruk som innvendig og utvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

Spesialprofilar og opphengsrammer framstilte av materiale i klasse A<sup>(1)</sup>, B<sup>(1)</sup> og C<sup>(1)</sup>, meinte til bruk som støtte i innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar eller i nedsenka himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad.

---

---

<sup>(1)</sup> Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen.

## VEDLEGG III

*Merknad: Når det gjeld varer som har fleire enn eitt av dei tiltenkte bruksområda som er oppførde for varegruppene nedanfor, vert dei oppgåvene som ligg på det melde organet, og som er avleidde av dei ulike systema for samsvarsattesting, kumulative.*

## VAREGRUPPE

**INNVENDIGE OG UTVENDIGE VEGGKLEDNINGAR OG HIMLINGSKLEDNINGAR (1/5)****1. System for samsvarsattesting**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattesting i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattesting
<b>Plater</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning, i form av heile bygningsdelar, til brannvern av vegger eller himlingar	Alle	3
<b>Nedsenka himlingar (modular)</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning til brannvern av himlingar	Alle	

System 3: Sjå direktiv 89/106/EOF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

**2. Villkår som CEN skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattesting skal spesifiserast**

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 direktiv 89/106/EOF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

## VAREGRUPPE

**INNVENDIGE OG UTVENDIGE VEGGKLEDNINGAR OG HIMLINGSKLEDNINGAR (2/5)****1. System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
<b>Plater</b>	Til bruk som innvendige eller utvendige avstivingselement i vegger eller himlingar	—	3
<b>Fliser Plater</b> (av sprø materiale)	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde krav til vern mot utilsikta skader frå kvasse føremål		
<b>Nedsenka himlingar (modular)</b>	Til bruk som innvendig og utvendig kledning av himlingar som er underlagde krav til tryggleik ved bruk		
<b>Fliser Plater</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde krav til tryggleik ved bruk		
<b>Spesialprofilar Opphengsrammer</b>	Til bruk som støtte i innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar og i nedsenka himlingar som er underlagde krav til tryggleik ved bruk		

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

**2. Vilkår som CEN skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattestering skal spesifiserast**

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

## VAREGRUPPE

## INNVENDIGE OG UTVENDIGE VEGGKLEDNINGAR OG HIMLINGSKLEDNINGAR (3/5)

## 1. System for samsvarsattestering

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
<b>Veggkledningar på rull Himlingskledningar</b>	Til bruk som innvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad	A(*), B(*) og C(*)	1
<b>Takspen Kledningsplater</b>	Til bruk som utvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad		
<b>Nedsenka himlingar (modular)</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad	A(**), B(**) og C(**)	3
<b>Fliser Bordkledningar Plater</b>	Til bruk som innvendig og utvendig kledning av vegger eller himlingar som er underlagde reglar for yting ved brannpåverknad		
<b>Spesialprofilar Opphengsrammer</b>	Til bruk som støtte i innvendig og utvendig kledning av vegger eller himlingar eller i nedsenka himlingar som er underlagde krav til yting ved brannpåverknad	A (utan prøving), D, E og F	4

System 1: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 i), utan stikkprøvekontroll.

System 3: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

(<sup>1</sup>) Når det gjeld yting ved brannpåverknad, sjå kommisjonsvedtak 94/611/EF.

(\*) Materiale der ytinga ved brannpåverknad kan endre seg under produksjonsprosessen.

(\*\*) Materiale der ytinga ved brannpåverknad ikkje kan endre seg under produksjonsprosessen.

## 2. Vilkår som CEN skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattestering skal spesifiserast

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje ytinga til ei vare fordi det i minst ein medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yting vara har på dette området.

## VAREGRUPPE

**INNVENDIGE OG UTVENDIGE VEGGKLEDNINGAR OG HIMLINGSKLEDNINGAR (4/5)****1. System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
<b>Nedsenka himlingar (modular)</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som er underlagde reglar for farlege stoff(*)	—	3
<b>Fliser Takspon Bordkledningar Kledningsplater Plater</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar som eventuelt er underlagde reglar for farlege stoff(*)		

System 3: Sjå direktiv 89/106/EOF vedlegg III nr. 2 ii), andre alternativ.

(\*) Særleg dei farlege stoffa som er definerte i rådsdirektiv 76/769/EOF med endringar.

**2. Vilkår som CEN skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattestering skal spesifiserast**

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EOF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.

## VAREGRUPPE

**INNVENDIGE OG UTVENDIGE VEGGKLEDNINGAR OG HIMLINGSKLEDNINGAR (5/5)****1. System for samsvarsattestering**

For varene nedanfor og den tiltenkte bruken av dei vert Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN) og Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC) oppmoda om å spesifisere følgjande system for samsvarsattestering i dei aktuelle harmoniserte standardane:

Varer	Tiltenkt bruk	Nivå eller klassar (brannmotstand)	System for samsvarsattestering
<b>Nedsenka himlingar (modular)</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av himlingar som har andre bruksområde enn dei som er nemnde i mandatet <sup>(1)</sup>		
<b>Veggkledningar på rull Himlingskledningar Takspon Bordkledningar Kledningsplater Plater</b>	Til bruk som innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar som har andre bruksområde enn dei som er nemnde i mandatet <sup>(1)</sup>	—	4
<b>Spesialprofilar Opphengsrammer</b>	Til bruk som støtte i innvendig eller utvendig kledning av vegger eller himlingar eller i nedsenka himlingar som har andre bruksområde enn dei som er nemnde i mandatet <sup>(1)</sup>		

System 4: Sjå direktiv 89/106/EØF vedlegg III nr. 2 ii), tredje alternativ.

<sup>(1)</sup> Andre bruksområde som er fastsette ved mandatet: vern mot dampinntrenging, vern mot vassinntrenging, lydisolasjon og varmeisolasjon.

**2. Vilkår som CEN skal leggje til grunn når systemet for samsvarsattestering skal spesifiserast**

Spesifikasjonane for systemet skal vere slik at det òg kan nyttast når det for ein viss eigenskap ikkje er naudsynt å fastsetje yteevna til ei vare fordi det i minst éin medlemsstat ikkje finst lovfesta krav til den aktuelle eigenskapen (sjå artikkel 2 nr. 1 i direktiv 89/106/EØF og eventuelt nr. 1.2.3 i basisdokumenta). I slike tilfelle kan produsentane ikkje påleggjast å kontrollere eigenskapen dersom dei ikkje ønskjer å opplyse om kva yteevne vara har på dette området.